

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

Postmottak@lindas.kommune.no, Att: Ingrid Bjørge Pedersen

6/7/2019

Vedr. sak 19/1053 - Byggjesak 202/118 garasje med loft

Viser til tiltakshavar sin uttale datert 27.06.2018, funnen på Lindås Kommune si innsynsløysing i dag. Eg ber om at min kommentar vert vedlagt og vurdert i saka. Her trengs det nemleg ei vesentleg korrigering av fakta.

Av overskrifta i uttalen frå tiltakshavar går det nemleg fram at dette gjeld: «*Uttale vedrørende klage på dispensasjon frå regulert byggjegrænse*». **Det er heilt feil. Faktum er at eg har ikkje klaga på dispensasjonen.**

Eg ser også at tiltakshavar tyr til personlege karakteristikkar, noko som ikkje har sin plass i sakleg argumentasjon: «*..eg opplever at problemet har kome ut av proporsjonar for klagar*». Då kan eg på mi side svare på same måte: «*... Tiltakshavar har etter mitt syn ein usedvanleg lettvint omgang med fakta og spelereglar i byggjesaka*». Slik offentleg argumentasjon fører ikkje til noko godt, og tiltakshavar bør avstå frå å dra slikt i gang. Sidan saka har gått fram og tilbake, vil ei punktvis opplisting av fakta lette oversikten for sakshandsamar - som trass alt skal handtere dette nøytralt og i tråd med lovverket.

Fakta er fylgjande:

- Eg aksepterte og signerte straks og utan kommentar det opprinnelege nabovarselet av ein enkel garasje i 1 etasjehøgd.
- Då tiltakshavar etter kvart fekk krav frå kommunen om å trekkje garasjen inn på tomten sin, sette eg på eige initiativ straks fram eit avtaleforslag om å gje tinglyst rett til å snu bil på min grunn. Dette vart akseptert av kommunen, og løyste floken på svært enkelt vis for tiltakshavar
- **Undervegs såg eg at tiltakshavar bygde noko heilt anna enn det som var omsøkt.** Eg var ikkje varsla om dette, sannsynlegvis ingen andre heller. Arbeidet vart stansa, og ny søknad utarbeidd.
- **Eg har klaga på utforming av det nye bygget – sjå tekst og bilete vedlagt i klagen.**
- Etter sakshandsaming av revidert søknad ser eg tilfeldigvis gjennom innsynsløysinga til Lindås Kommune at **min nabomerknad ikkje er registrert - og dermed ikkje drøfta - før byggjeløyve vart gjeve.**

Manglande dokument:

Eg finn ikkje arkivert i saka det dokumentet der Lindås Kommune i tråd med lovverket ber tiltakshavar om å gje uttale til min klage. Eg meiner bestemt at eg skal stå på lista for å få kopi av all korrespondanse, i eigenskap av å vere klagar. Eg ber difor om snarast å få tilsendt kopi av dette, for å ha komplett innsyn i saksgang.

